

## Tilsyn Manger skule

### «Skriftleg bekreftelse på at opplæring er gitt»

Opplæring gjennomført 09.12.19.

### «Oversikt over innholdet i opplæringen»

Opplæring med tema avvik og avvikshandtering. Tema for opplæringa:

- Kva er eit avvik?
- Korleis bruke avvikssystemet?
- Korleis sette avvik på agendaen og bruke avviksstatistikk systematisk?

Opplæringa går gjennom definisjon av avvik og ulike eksemplar på kva dette kan vere på arbeidsplassane. Plikter og rettigheter for både arbeidsgjevar og arbeidstakarar vert gjennomgått, før vi går gjennom kvifor det er viktig å melde avvik, kva kan vi bruke avvika til (kontinuerlig forbetring, utvikling av rutinar/arbeidsprosessar, risikoanalyser, vernerunder etc). Læring, fokus på kontinuerleg forbetring og risikovurderingar er sentralt i dette. . Vidare snakkar vi litt om kultur, at vi må jobbe for å få ein god avvikskultur på arbeidsplassane og seier noko om kva kvar enkelt kan gjere på arbeidsplassen.

Tilslutt har vi ein gjennomgang av avvikssystemet og korleis ein skal melde avvik, kva som skjer når ein melder avvik og korleis leiar skal følgje opp avvika som blir meldt.

Det opnas opp for spørsmål og svar undervegs, og gjennomgang av aktuelle døme frå arbeidsplassen.

### «Beskrivelse av hvordan arbeidsgiver sikrer fremtidig opplæring»

I Alver kommune vil det bli gjennomført opplæring i avvik og avvikshandtering for alle leiarar, verneombod og tillitsvalde. Dette vil bli gjennomført i løpet av fyrste halvår, med jamnlege kurs framover for å sikre god kompetanse på dette i kommunen. Det er også mogeleg å be om å arrangere kurs lokalt for alle tilsette på ein arbeidsplass.

HMS-organiseringa i Alver kommune er bygd opp slik at det vil sikre oppfølging av HMS-arbeidet gjennom heile organisasjonen. Kommunen får eit Hovud-AMU og tre sektor-AMU (innanfor helse, oppvekst og teknisk/samf.utv./adm.). Dette vil sikre god flyt frå øverste leiing og utover i alle sektorane. I tillegg får vi tre Hovudverneombod som har ansvar for kvar sine sektorar, ein for helse, ein for oppvekst og ein for teknisk/samf.utv./adm. Vi vil også ha lokale arbeidsmiljøutval, som skal sørge for lokalt HMS-arbeid.

Avvik vil vere fast tema for alle desse utvala på alle nivå i organisasjonen, og det kjem til å bli systematisk fulgt opp gjennom årshjul og handlingsplanar, både overordna og lokalt.